

PSEUDOMORFOSE

Tekst Tor Witsø

Foto Roger Bjerkan

Pseudo eller psevido kjem av det greske ordet pseudes som tyder uekte. Mineral som er pseudomorfosar opptrer i ei anna krystallform enn dei som er naturleg for dei. For mange er dette elementært, men for andre er dette nytt og ukjent. Eg har dessuten noen bilde som seier mykje.



I følge S. Bergstøl er dette pseudomorfoser av clinokrysotil etter forsteritt (olivin). Stoffen er frå Svartholhaugen i Vinstradalen.



Forsterittkrystallar i talk frå Ørnhammaren. (Bergstøl). Vi ser likskapen mellom forsterittkrystallane og pseudomorfoseane av krysotil. Det mest interessante med denne stoffen er at forsterittkrystallane har stått mot metamorfosen til talk, dei står som «bastionar».

*Stoff frå Rennebu
(Nerskogen).*

*Bildet viser ein granat som
berre delvis har gått over til
clinoklor (A. O. Larsen).*

*Dette er altså ei
pseudomorfose av kloritt
etter almandin. Det som har
hendt er eit samspel mellom
fleire faktorar, slik som trykk,
temperatur og vasstilgang
under metamorfose.*

